

BRUKARMEDVERKNAD I
SULDALSSKULEN OG SFO



Dette heftet er i utgangspunktet utarbeida for dei tilsette i Suldalsskulen, men me ønskjer og å auka forståinga til foreldre og føresette, slik at dei og kan vera trygge på korleis ein kan medverka som foreldre/føresette i skulen og skulefritidsordning..

INNHALD

SAMARBEID MELLOM HEIM OG SKULE.....	4
FORELDRE RÅD (FAU) & SAMARBEIDSUTVAL (SU).....	5
FORELDRE MØTER.....	6
UTVIKLINGSSAMTALAR.....	6
FØRESETTE OG BARN SIN MEDVERKNAD I SFO.....	7
BARN SIN MEDVERKNAD.....	7
FØRESETTE SIN MEDVERKNAD.....	7
ELEV MEDVERKNAD.....	8
ELEV RÅD.....	8
ELEV UNDERSØKINGA.....	8
PEDAGOGISK ANALYSE.....	8
MEDVERKNAD AV FORELDRE/FØRESETTE OG BARN, I SAKER DET ER KNYTT EI URO TIL.....	11

SAMARBEID MELLOM HEIM OG SKULE

Forskning viser at eit godt samarbeid mellom heim og skule, der også foreldra har ei aktiv rolle, har positiv innverknad for barn og unge på en rekke område relatert til skulen. Det fører til betre læringsutbytte, betre sjølvregulering, betre trivsel, færre åtferdsproblem, mindre fråvær, gode relasjonar til medelevar og lærarar, betre arbeidsvanar, ei meir positiv haldning til skulen, betre leksevanar og arbeidsinnsats. (Epstein et al., 2002; Epstein, 2005; Fan & Chen, 2001; Semke & Sheridan, 2010).

Det er ikkje berre elevane som dreg nytte av eit godt skule-heim samarbeid. Foreldra vil på si side få meir informasjon om undervisninga og forhold knytt til sitt barn si læring, og dei vert betre kjend med læraren. Foreldre og lærarar vil gjennom positive samarbeidserfaringar utvikla ei større felles forståing av barnet sitt behov og kan på den måten bli betre i stand til å støtta barnet sin læringsprosess, både kvar for seg og saman (LaRouque, Kleiman & Darling, 2011). Ein studie som undersøkte endring av foreldra si involvering i skulen over tid, viste for eksempel at det var når foreldra auka si involvering opp gjennom skuletida, at elevane viste best fagleg utvikling (Dearing et al., 2006). (Udir.no)

Kapittel 11 i opplæringslova seier noko om organ for brukarmedverknad i skulen.

Foreldresamarbeidet skal skje på individnivå med foreldra til kvart enkelt barn og på gruppenivå, gjennom FAU og SU.

Individnivå: Skulen skal minst to gonger i året tilby føresette og elevar utviklingssamtale.

Systemnivå: Foreldrerådet (FAU) og Samarbeidsutvalet (SU) skal gi foreldra moglegheit til å ha kontakt med skulen på ein aktiv måte.

FORELDRERÅD (FAU) & SAMARBEIDSUTVAL (SU)

Foreldreråd (FAU)

§ 11-4. Foreldreråd ved grunnskular

(opplæringslova)

På kvar grunnskule skal det vere eit foreldreråd der alle foreldre som har barn i skulen, er medlemmer.

Foreldrerådet skal fremje fellesinteressene til foreldra og medverke til at elevane og foreldre tek aktivt del i arbeidet for å skape eit godt skulemiljø. Foreldrerådet skal arbeide for å skape godt samhald mellom heimen og skolen, leggje til rette for trivsel og positiv utvikling hjå elevane og skape kontakt mellom skulen og lokalsamfunnet.

Samarbeidsutvalet (SU)

§ 11-1. Samarbeidsutval ved grunnskular

(opplæringslova)

Ved kvar grunnskule skal det vere eit samarbeidsutval med to representantar for undervisningspersonalet, ein for andre tilsette, to for foreldrerådet, to for elevane og to for kommunen. Samarbeidsutvalet har rett til å uttale seg i alle saker som gjeld skulen.

§ 11-1a. Skulemiljøutval ved grunnskular

(opplæringslova)

Ved kvar grunnskule skal det vere eit skulemiljøutval. I skulemiljøutvalet skal elevane, foreldrerådet, dei tilsette, skuleleiinga og kommunen vere representerte. Skulemiljøutvalet skal vere sett saman slik at representantane for elevane og foreldra til saman er i fleirtal. Skulemiljøutvalet skal medverke til at skulen, dei tilsette, elevane og foreldra tek aktivt del i arbeidet for å skapa eit godt skulemiljø. Skulemiljøutvalet har rett til å uttala seg i alle saker som gjeld skulemiljøet, jf. kapittel 9a.

FORELDREMØTER

Minst to gonger i året skal det arrangerast foreldremøter i skulen.

Foreldremøter er for alle foreldra i skulen. FAU kan gjennom SU påverka innhaldet i foreldremøta.

God planlegging, dialog og moglegheit til medverknad aukar sannsynet for at både foreldre og lærarar opplever foreldremøta som interessante og nyttige.

Nokre nyttige tips til eit godt foreldremøte er:

1. Ta foreldra med i planlegginga

2. Bruka møta til å utvikla sosiale fellesskap mellom foreldra. Ein måte å gjere det på er å organisera møta slik at foreldra kan sitje saman i grupper å drøfte/samarbeida om relevante tema.

3. Bruk omgrep som foreldre forstår. Det er også viktig å ha tolk til dei foreldra som treng det.

4. Dialog og medverknad som mål.

Målet med alle foreldremøte bør vere å få til dialog og drøftingar mellom foreldre og mellom lærarar og foreldre. Dialog er avgjerande for å einast om felles avgjerder. Gjennom drøftingar kan foreldre oppleva medverknad i skulen.

UTVIKLINGSSAMTALAR

Minst to gonger i året skal foreldre og føresette ha ein planlagd og strukturert samtale med kontaktlærer, gjerne saman med eleven. I utviklingsamtalen skal foreldre og lærarar få svar på spørsmål og bli einige om kva som skal skje framover når det gjeld den faglege læringa og den sosiale og personlege utviklinga til eleven. Målet med samtalen skal vere korleis eleven, skulen og foreldra saman kan legge til rette for eleven si faglege og sosiale utvikling. Samtalen er også viktig for å bygge tillit mellom lærar og foreldre. Skal ein etablera ein dialog, må lærarane lytta, ikkje berre informera. Foreldre skal bli høyrte. (Udir.no)

FØRESETTE OG BARN SIN MEDVERKNAD I SFO

BARN SIN MEDVERKNAD

Barnekonvensjonen artikkel 12 gir barnet rett til å sei si meining og bli høyr. Art. 12 skal fremje barnet sitt beste og barnet sitt beste skal normalt ikkje begrensa retten til å bli høyr. I opplæringsloven A-8 er elevdeltaking i forhold til skulemiljøarbeidet regulert. Der står det blant anna at elevane skal engasjerast i planlegging og gjennomføring av det systematiske arbeidet for helse, miljø og sikkerhet ved skulen. Dette gjelder også for skulefritidsordningen.

«Oppdraget til SFO er å skapa ein god oppvekst-arena for barn- og bidra til å gi dei ein lukkeleg barndom. SFO skal vera ein trygg og god stad å vera, der barna har råderett over eiga fritid og kan gjera eigne sjølvstendige val innafor trygge rammer.» (SFO på Sand skule sin årsplan)

FØRESETTE SIN MEDVERKNAD

Eit nært samarbeid med føresette, med god og nok informasjon, er viktig for barna sin trivsel på SFO. Eit samarbeid prega av respekt, inkludering og involvering gir eit viktig grunnlag for føresette sin medverknad i SFO. Den daglege kontakten i bringe-og hentesituasjonen er ein god arena for samarbeid. Informasjon kan også bli gitt, begge vegar, via transponder.

Kvart 3. år skal det gjennomførast ei brukarundersøking for føresette i SFO i Suldal. Dette er ei undersøking for å sjå korleis føresette opplever kvaliteten av innhald og organisering av SFO. Resultata av brukarundersøkinga må bli gjort kjend for tilsette og føresette og ein må finna eigna tiltak for vidare utviklingsarbeid i personalet.

ELEV MEDVERKNAD

ELEVRÅD

§ 11-2. Elevråd ved grunnskular

Ved kvar grunnskule skal det for årstrinna 5-7 og for årstrinna 8-10 vere eit elevråd med representantar for elevane. Kommunen fastset talet på elevrepresentantar. Representantane skal veljast seinast tre veker etter at skolen har teke til om hausten.

Alle skular med elevar på 5.-10. årstrinn skal ha eit elevråd. Elevrådet skal fremje interessene til elevane på skolen og arbeide for å skape eit godt lærings- og skulemiljø. Rådet skal også kunne uttale seg og komme med forslag i saker som gjeld nærmiljøet til elevane.


ELEVUNDERSØKINGA

Alle elevar har rett til å medverke på skulen. I Elevundersøkinga som blir gjennomført kvart år, har elevar frå 5.-10. årstrinn moglegheit til å medverke ved å seie si meining om skulemiljøet sitt. Skulen er forplikta til å gjennomføra denne undersøkinga på 7. årstrinn, 10. årstrinn. På grunn av lågt elevtal i Suldalsskulen skal elevar på 7., 8., 9. og 10. trinn gjennomføre denne undersøkinga kvart år. Dette for å få eit breiare grunnlag for finna ut av kva me bør vidareutvikla i Suldalsskulen.

PEDAGOGISK ANALYSE

I skulane og barnehagane i Suldal skal ein nytte analysemodellen «Pedagogisk analyse» når ein møter på forskjellige pedagogiske utfordringar. Dette for å sikra dei mest eigna tiltaka for situasjonen. Denne modellen kan gi ein god oversikt og kan dermed gi elevar og føresette betre føresetnader for å kunna medverke.

A3 med pedagogisk analyse

Pedagogisk analyse	Fyll inn punkt i A3	Analyse av oppretthaldande faktorar
Beskriv utfordring	1a	
↓ Formulering av målsetting	5a	
↓ Analyse av oppretthaldande faktorar	3c	
↓ Utvikling av strategiar og tiltak	7a	
↓ Gjennomføring av valde tiltak	7a	
↓ Evaluering	8	

A3 med pedagogisk analyse	År: Nr:	Tema/fokusområde:	Utarbeidd av:			Dato:
1a. Beskriv opplevd problem: (Eg meiner, ser, trur, opplev at...)		3c. Gjer ein pedagogisk analyse av oppretthaldande faktorar ut i frå problemstillinga i 3b.				
		Sjå eigen mal for analyse av oppretthaldande faktorar				
1b. Korleis er problemet dokumentert? (Observasjonar, hendingar, anna)		4a. Beskriv ønska situasjon:				
2a. Beskriv NO-situasjonen: (Kor ofte skjer det, tal gonger, låg/middels/høg grad e.l)		5a. Mål (SMART-mål: spesifikt, målbast, ambisiøst, realistisk, tidsavgrensa)			6a. Måleindikator og måleverktøy: Korleis skal me vita at målet er nådd?	
3a. Analyser NO-situasjonen – finn rotårsak: 5x kvifor		7a. Tiltak	Ansvarleg: Person	Frist Innan dato	Status: P = planlagt I = iverksatt U = utført	Effekt: 1 = Ingen effekt 5 = Særs god effekt
#1 kvifor (sett inn setning i 1 a)						
#2 kvifor:						
#3 kvifor:						
#4 kvifor:						
#5 kvifor:						
3b. Definer problem etter analyse av NO-situasjonen (siste #ledd):		8. Evaluering etter gjennomførte tiltak: (set x)				
		Ny standar gjennomført – pkt. 8			B: Korriger og start på ny – 1a	
		9. Ny standard/praksis		Ansvarleg	Frist	Status (P-U-I)

MEDVERKNAD AV FORELDRE/FØRESETTE OG BARN, I SAKER DET ER KNYTT EI URO TIL

Korleis ein legg til rette for medverknad kan sjå ulikt ut frå sak til sak, frå situasjon til situasjon, det finns ingen ferdig oppskrift. Barn og elevar er ulike, familiane er ulike, utfordringane er ulike. Difor kan ein ikkje tenka at det er ein sjølvfølge at skulen skal vita kva som er reell medverknad i praksis, men det er altså ikkje alltid slik.

Likevel kan ein ta i bruk nokon sentrale køyrereglar som kan legga til rette for vidare individuell medverknad:

- Bruk tid på å skapa ein god relasjon som er prega av tillit, openheit og gjensidig respekt
- Tilpass språk, metode og setting etter barnet og foreldra/føresette sitt behov. Hugs tolk, elevar skal aldri nyttast som tolk!
- Finst det andre arenaer og tillitspersonar som ein kan nytta/samarbeida med for å laga gode rammer for medverknad ut i frå eleven og foreldre/føresette sine ønsker og behov?
- Inviter eleven eller dei føresette til å ta med seg ein person som dei har tillit til dersom dei ønskjer det
- Gi informasjon tilpassa alder og situasjon, og gi rom for spørsmål og opplæring. Skriv referat frå samarbeidsmøter.

